

Møtereferat frå representantskapsmøte nr.1

Dato: 07.03.2018

Tid: 10.00-14.00

Stad: Ålesund Rådhus

Disse møtte:

Giske kommune: ordfører Harry Valderhaug
Hareid Kommune : ordfører Anders Riise
Herøy kommune: varaordfører Camilla Storøy
Norrdal kommune: ordfører Arne Sandnes
Sandøy kommune: ordfører Oddvar Myklebust
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Skodje kommune: varaordfører Geir Ove Leite
Stranda kommune: varaordfører Arild Ringdal
Sykkylven kommune: ordfører Odd J. Drotninghaug
Vanylven kommune: varaordfører Bjarne Sætrene
Vestnes kommune: varaordfører Randi Bergundhaugen
Volda kommune: varaordfører Fride Sortehaug
Ørskog kommune: ordfører Knut Helge Harstad
Ørsta kommune: ordfører Stein Aam
Ålesund kommune: varaordfører Tore Johan Øvstebø

Frå styret:

Jan Ove Tryggestad
Lena Landsverk Sande

Prosjektleder- Nye Ålesund kommune

Astrid Eidsvik

Frå administrasjonen:

Jan Kåre Aurdal
Linn Cesilie Fosse
Vegard Austnes

Eksterne aktører:

Astrid Eidsvik
Tor Hande
Jan Petter Eide
Stig Holmstrøm
Bjarne Haagensen

Forfall:

Sula kommune: ordfører Jim Arve Røssevoll
Haram kommune: varaordfører Randi W Frisvoll
Ålesund kommune: ordfører Eva Vinje Aurdal
Giske kommune: rådmann Marit E Larssen
Stordal Kommune: ordfører Eva Hove
Ulstein kommune: ordfører Knut Erik Engh

Sak 1/2018: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Innkallinga vart godkjend.

Sak 2/2018: Godkjenning av saklista

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Saklista vart godkjend.

Sak 3/2018: Val av to personar til å underteikne protokollen

Dei utvalte vart Camilla Storøy og Anders Riise.

Sak 4/2018 Orientering om Nye Ålesund kommune

Ved prosjektleiar Astrid Eidsvik

Kva arbeidar vi med i Nye Ålesund Kommune ? (2020)

I den nye stor kommunen blir vi 67 000 innbyggjarar, med 7000 tilsette i kommunen.
Vi blir den største arbeidsplassen mellom Bergen og Trondheim.

Nye Ålesund kommune vil bestå av Haram, Sandøy, Ørskog, Skodje og Ålesund.
Fleire kommunar må slå seg saman for at vi skal ha ein berekraftig utvikling .

Den demografiske utviklinga er bekymringsfull, jf. framskrive befolkningsutvikling for ulike aldersgrupper. Bekymringsfullt med færre yrkesaktive per pensjonist.

Visjon: Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

Vil være den 13 største kommunen i landet, kommer Giske med er vi blant de 10 største.

Motto: Det vi skal, skal vi vere gode til.

Det vi vil, skal vi tørre å gjere noko med.

Vi skal:

- vere ei sterkare motvekt mot sentralisering til dei store landsdelssentra (Oslo, Bergen, Trondheim mv).
- drive meir heilskapleg og overordna planlegging
- få på plass framtidsretta løysingar for samferdsel som vil binde regionen saman

Intensjonsavtale:

- Kommunane som vil bygge Nye Ålesund Kommune er likeverdige
- Bygginga av Nye Ålesund kommune skal vere prega av raushet og forståing for kvarandre
- Lokal identitet og nærdemokrati skal vere høgt prioritert
- Nyskaping skal ligge til grunn for utviklinga
- Attraktivitet gir tiltrekkingskraft
- Jobbe for å nå resultat
- Sikre gode tilbod og tenester der folk bur, gitt av kompetente fagfolk
- Eit godt velfungerande lokal demokrati
- Det som står i intensjonsavtalen omtaler ei direktevalsordning
- Eigedomskatten er utsett til 2022
- Interkommunalt samarbeid
- Det skal haldast innbyggarmøte, for å høyre på innbyggjarane si meining
- Finne gode overgangsordningar, slik at det politiske organ skal fungere

Sak 5/2018 Gode pasientforløp for eldre og kronisk sjuke

Ved Stig Holmstrøm, KS Møre og Romsdal

Holmstrøm er leid inn av KS. Vil sende ut informasjonsark i etterkant.

Pasientforløpa er ei satsing – ikkje eit prosjekt. Satsinga er initiert av helse- og omsorgsdepartementet. Alt har sitt utgangspunkt i samhandlingsavtalen.

Etablering av 8 læringsnettverk i Norge inkl. sjukehusa. Målsettinga er å sikre brukarens behov for å møte heilheitleg, trygge og koordinerte tenester

- Etablering av 8 læringsnettvek spreidd over heile landet
- Møre og Romsdal starta opp sitt eige nettverk i 2017
- I Møre og Romsdal er alle sjukehusa med
- Finne gode løysningar og behandlingmetodar for pasientar med kroniske lidelser
- Finne betre økonomiske løysningar

Forskningsprosjekt «selfie» - om behandling av kroniske og samansette lidelser (EU-prosjekt).

Universitetet i Bergen/Uniresearch har ansvaret for nettverket. Surnadal og Ålesund er interesserte kommunar.

Sak 6/2018 Er Ålesund Lufthamn Vigra viktig for Sunnmøre og Møre og Romsdal?

Ved lufthamn sjef Ålesund Lufthamn, Tor Hande

Ved Bjarne Haagenen Utviklingsforumet Vigra

- I Møre og Romsdal har vi 4 lufthamner, Vigra Molde Kristiansund og Volda
- I regionen vår bur det 260 000
- Flytrafikken frå Vigra Lufthamn 2017 var på 1.067 357 reisande
- Av dei 4 lufthamnene i Møre og Romsdal så utgjer Vigra Lufthamn 56% av flytrafikken
- Flytrafikken frå Vigra Lufthamn utland, var i 2017 på 268 058 reisande
- Vigra Lufthamn står for 82 % av all utlandstrafikken i regionen
- Vigra Lufthamn er den viktigaste flyplassen i regionen
- Et godt flytilbud er avgjørende for å utvikle regionen
- Sikre økonomisk handlekraft for å kunne vurdere «markedsstøtte» ved etablering eller styrking av direkteruter til utlandet
- Flytilbudet er avgjørende for bedrifter som konkurrerer internasjonalt
- Godt flytilbud er viktig for å tiltrekke seg kompetente medarbeidere
- God tilgjengelighet er et fortrinn for utvikling av turisme

Sak 7/2018 Orientering om etablering av Utviklingsforumet for Ålesund Lufthamn Vigra

Ved varaordfører Tore Johan Øvstebø

Vidareføre og styrke arbeidet som er gjort i regi av Utviklingsforumet for Ålesund Lufthamn Vigra.

Et godt flytilbud er avgjørende for å utvikle regionen.

Vi er ein utkant i Europa, men har bedrifter i verdstoppen.

Formålet med selskapet er å styrke regionen gjennom å utvikle Ålesund lufthamn, Vigra til beste for innbyggjarar og næringsliv. Selskapets fokusområder er styrking av rutetilbud med særskilt fokus på utanlandsruter, flyplassrelatert infrastruktur og tilbringarteneste.

Hovud fokuset til Utviklingsforumet:

- Betre rutetilbud
- Betre tilbringarteneste
- Betre infrastruktur på og ved flyplassen

Kvifor aksje selskap?

- AS med ikke-økonomisk formål.
- Vil gi forpliktene eierskap over tid.
- Vil sikre et økonomisk fundament som gir mulighet for å gå inn i større prosjekt og sikre tett dialog med flyselskap
- Flere eksempler der andre regioner har organisert tilsvarende utviklingsarbeid i et AS.
- En aksje pr. aksjonær – (kr. 30.000 ?)

- Utviklingsforumet vart stifta i 2005
- Vigra Lufthamn har pr. I dag 6 daglege avgangar frå Ålesund til Oslo med SAS, og 4 daglege avgangar med Norwegian
- Vigra Lufthamn har 5 direkteruter til utlandet , Alicante, Gdansk, Amsterdam, Kaunas og København
- Regionane må engasjere seg meir i utvikling av tilbodet.
- Forventningar frå flyselskapa om økonomisk støtte ved oppstart av nye ruter
- Det er lagt planer om å utvide ankomst hallen på Vigra Lufthamn, prosjektet vil koste 70 millionar kroner. Ser for seg å starte prosjektet i 2021.

Målet er at Ålesund Lufthavn Vigra skal fungere best mulig for næringsliv og innbyggere i regionen/fylket.

Sunnmøre Regionråd vil saman med ordførar Tore Johan Øvstebø ha samlingar i kommunane for å orientere om denne ny-etableringa.

Dette vil skje i løpet av våren 2018.

Sak 8/2018 Fylkesmannen sin halvtime

Ved fylkesmann Lodve Solholm

Lokalmat:

Lokalmat i verdstoppen, vel 100 produsentar og serveringsstader produsere og / eller selg lokalmat i fylket.

Lokale bryggjeri blir meir og meir populært.

Målet er å nå 200 produsentar i Møre og Romsdal, det har meir enn dobbelt seg på få år.

Internasjonale Grune Woche i Berlin ,der 5 aktører frå Møre og Romsdal skal vise fram produkt frå 8 produsentar.

Barnevernsvakt:

Barnevernsvakt i alle kommunane!

- Bidra til tryggleik for dei mest utsette barn og unge
- Berre 8 kommunar har formalisert barnevernsvakt
- Ei formalisert barnevernsvakt er eit krav i regelverket
- Kommunane kan søke om støtte frå Fylkesmannen gjennom prosjektmidlar
- Mål 2018, alle kommunane skal ha ei barnevernsvakt

Forsøpling:

- Kollektiv dugnad
- Holdningsendring
- Dyr i havet dør på grunn av plastavfall, særlig sjøfugl lid på grunn av marin forsøpling
- Vi må rydde etter oss, og lære våre barn om konsekvensane med forsøpling
- Søke Fylkesmannen om midlar
- Vrakpant og tilskotsendringar
- I dag får ein pant for moped, campingvogn, bil/ lastebil/ buss , og båt
- Folk må bli flinkare til å nytte seg av vrakpant ordninga

Grensejusteringar:

5 pågåande saker

- Liabygda i Stranda kommune
- Bjørke og Viddal i Ørsta kommune
- Norddal og Eidsdal i Norddal kommune
- Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem i Gjemnes kommune
- Sandøy, Ona, Orten, Seterøya, Gåsøya og Lyngværet i Sandøy kommune

1 sak på vent

Vågstranda frå Rauma til Vestnes kommune

30 likelydande søknader om grensejustering

Nordmøre til Trøndelag

Initiativ om mulig grensejustering

Deler av Halså til Møre og Romsdal

Totalforsvaret:

Omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunnet.

Gjev informasjon om gjeldande ordningar og mekansimar for sivil-militært samarbeid. The Seven Baseline Requirements.

Trident Junctire 2018 25.10.7.11.2018: 35 000 soldatar kjem til Møre og Romsdal.

Øving for Forsvaret og Nato. Del 2 15.11-23.11.

Landbruksdirektøren skulle ha snakke om bruk av tre i bygg.

Kva er forordningane for nye kommunar som vil vere med i samanslåing?

Rigmor Breste kan kontaktast for info om midlar. Fylkesmannen skal vere ein aktiv medspelar i kommunereformarbeidet.

Det går nokre tog no inn mot forberedelsar til kommunevalet 2019. Det er sett ned ein nominasjonskomité.

Fylket si finansiering av Skjergårdstenesta. Påvirke. Ta kontakt med Linda.

Tollvern – ikkje gi slipp på det. Stordrift – holde på et visst miljø i medlemskommunane. Det gjelder å sjå på bonden som en entreprenør. Det er ikkje subsidier-det er å ta vare på verdsarven.

Sak 9/2018 Næringsvenleg samfunn- kven er på?

Ved Jan Petter Eide

Jan Petter Eide, er engasjert av Haram Nærings- og Innovasjonsforum i arbeidet med å vidareføre, og kommunisere verdien av «Haram-modellen» i ein nyorientering av nærings samarbeidet i regionen.. Det er tankesettet som skille denne frå andre modellar som er utprøvd i vår region. Modellen har gitt grunnlag for eit langsiktig samspel mellom kommune, næringsliv og andre aktørar som alle har ein viktig rolle i utviklinga av eit konkurransedyktig samfunn. Har dette også relevans for Sunnmøre Regionråd i sitt arbeid ?

Kva kan ein gjere saman på næringslivssida?

- Næringsutvikling
- Kampen om statlege- og andre offentlige midlar, utbyggingar
- Fremme attraktivitet

Sunnmøre i framtida. Kven er vi? Kva er vår visjon og ønskelege strategiske posisjon? Kva er vår misjon og strategiske posisjon? Kva er våre strategiar og strategiske initiativ? I eit bilete ser ein det ein er vandt til å sjå.- Kommunegrenser skaper forskjellige kulturar.

Næringsstrukturen i Møre og Romsdal, 4. kvartal. Produserande samfunn (industri) 60 000 i Møre og Romsdal, handel og privat service 25 000 og offentlig sektor 45 000. Løysninga ligg i det produserande samfunn. Her kjem overrisling.

Fordelinga av regionale utviklingsmidlar, Sunnmøre får 423 mill., mens Romsdal får 790 mill.

Det er ein utfordring å få forskingsmidlar til å omsette kunnskap til pengar. Samspelet med næringslivet eiger ikkje kommunane sjølve. Korleis kan kommunane bidra? Framsnakking. Kommunen er underleverandør i grunnskulen og vidaregåande skule. 240 milliard i produksjon i MR.

Den nye kommunen skal ha ein tydelig satsing på næringspolitikk. «Harammodellen» for næringsutvikling skal vidareførast i tilknytning til Haram Nærings og Innovasjonsforum.

Ålesund: industri 9,6% Haram: industri 42,9%. Det er ein rand og eit betenande sentrum. Kulturforskjellen kan utfordre heilheta i tilnærminga.

Nasjonale føringar:

-Dei store skal bli større/dei sterke skal bli sterkare

-Mot et grønnare samfunn

-Agendaen og definisjonsmakta må takast regionalt, dette gjeld også Sunnmøre

Kunnskap + kapital = framtid. Utvikle kunnskap mellom praktisk bruk og «know how».

I går var ein opptatt av støtteordningar. Alle er i dag opptatt av innovasjon. Ein må til topps i pyramiden, til verdiar og relasjonar (organisatoriske strukturer og institusjonar).

Vi treng ikkje gå langt for å finne samfunn som ikkje er vendt mot verden. Vi må vere oss bevisst grunnfjellet. Vi er ein del av ein samanheng.

Kan ein ta ein unik posisjon basert på kulturelle forhold (verdiar, relasjonar, organisatoriske strukturer, identitet og branding og ledelse)?. Korleis eit område blir oppfatta er knytta til ledelsen. Politikken må vere ein del av dei kulturelle forholda.

Blue Growth Industri (også turisme og landbruk). Den blå verda. Brussel -kontoret vil legge til rette kompetanseprogram i blå-vekst segmentet.

Storbyregion-reforma. Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim. Program for planlegging mot større byer/regioner. Ålesund sin styrke er å utvikle eit område for ocean pioneering.

Mellomstore byer med deltakelse i nasjonale programmer for miljømessig transport.

Haram-modellen; fortid eller nåtid. Modellen tar for seg ting man kan gjere noko med. Næringsliv kan erstattast med næringsssamfunn, kompetanse i NTNU.

Sannsynligvis det viktigaste:

Ein engasjert gruppe mennesker med høg grad av tillit og legitimitet, som gjennom samarbeid, deling og avhengighet er villig til å arbeide saman for å styrke eller endre samfunnets posisjon.

Næringsperspektivet har blitt litt borte for Sunnmøre Regionråd, politikken må vere der det er behov for den.

Er Sunnmøre Regionråd en relevant aktør i dag?

I så fall, er det rigga til å gjøre noko med det?

Om ja, kva kan vi gjere – og gjer meir av?

Om nei, kva gjer vi i dag?

Sak 10/2018 Avslutning

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Og det var full einigheit at dette skulle styret arbeide vidare med .

Vara ordførar Camilla Storøy, Herøy kommune

.....

Ordførar Anders Riise, Hareid kommune

.....